

Emnenr. **64**Fylke: **Sogn og Fjordane.**

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: **Gloppen.**Emne: **Död og "Begravelse".**Bygdelag: **Gloppen.**Oppskr. av: **Ola Sande**Gard: **Austrheim, Gloppen.**(adresse): **Sandane.**G.nr. **69** Br.nr. **57.**

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

**Etter eiga røynsle og etter fortalav eldre folk.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. NÁLJOS. Dei meinte för at dei av og til såg NÁLJOS, som varsla dödsfall. T.d.: Ei kvinne sat i fjösen og mjölka om kvelden. Då såg ho náljoset fare ned etter ein av stolpane i fjösen. Det vart dödsfall straks etter. Náljoset tydde ikkje at det var nett den som såg det som var feig.

Ein kunde sjå náljoset ute og, blenk eller ljoske i lufta.

FEIGDAFUGL. Det var ugla. Såg nokon ei ugle, anten ute eller ein såg fuglen fyka inn i eit uthus, t.d. lõe, tydde det at ein kvan var feig.

FEIGDAFISK. Fekk ein uvanleg mykje fisk, kunde det vera feigdafisk. Ein eldre mann fekk fleire storekveiter etter rad. Han trudde det måtte vera feigdafisk, og gav til grannane mest alt i hop.

Dödsvarsel på annan måte: Når noko uvanleg hende, kunde det tyda feigd, t.d. når ei ku eller eit anna kröter sjölvdauda.

2. Har ikkje høyrt noko om det.

3. I kyrkjetårnet er 2 klokker med ulik lyd. Ved gravlegging på kyrkjegarden, rigger ein med bae klokkene. Höyrer ein best den med grovaste lyden, trudde ein för at den neste som skulde jordast var eit mannfolk. Höyrde ein best den finare lyd, vart det eit kvinnfolk.

4. Ikkje i vår bygd.

5. Ikkje "helligmaur", men det vert fortalt om "feigdalus", som eit menneske hadde tjukt av för döden, men som römde frå liket. (Her i bygda er det over ein mannsalder sidan folk såg lus).

6. Slikt som "helhunger", "moldgrade" o.l. er ukjent her no.

DÖDSLÆGJET.

- 7. Nei.
- 8. Nei.
- 9. Nei.
- 10. Ja, det var ikkje uvanleg at ein sende bod etter presten.
- 11. Det var vanleg at når ein henta presten til ein dødssjuk, fekk den sjuke nattverden, og var det eldre folk i huset, slike som vanskeleg kunde koma til kyrkje, fekk dei nattverden med det same, like eins andre eldre folk på garden eller i nærleiken.
- 12. Ja, om noko skulde skrivast, t.d. testamente, då henta dei ein som var för til slikt arbeid.
- 13. Det var ikkje uvanleg at den döyande sa ifrå kven ein skulde be til gravferda, og sa ifrå kven som skulde ha det og det av det den döyade let etter seg.

TIDA MELLOM DÖDSFALLET OG GRAVFERDA.

- 14. Det vanlege uttrykket har vore at han eller ho "er död". men ofte sa ein at ein person "er slokna", "er har flytt". Om ein sterk og sers hardsett kar: "Han er gåen no." *slut på det til no.*
- 15. Det er ikkje fortalt at ein brukte nokoslag rådgjerder solis. Ein la liket på likstrå, og det vart liggjande soleis ei tid för det vart lagt i kista.
- 16. Ei gamal segn fortal at ein höyrde skrik på kyrkjegarden etter ei gravleggjing, at ein grov opp igjen kista, opna henne og at den som låg der hadde snutt seg - med ryggen opp -, men var död då. Elles ikkje noko fortal om at nokon var skindöd.
- 17. Nei, det om mynt på augneloket er ukjent her.
- 18. Det har vore vanleg å leggja ei salmebok under haka.
- 19. Det har vore vanleg at grannane vart varsla når eit menneske var slokna, og det var grannane som vaska og stelte liket, hadde på likklæda og la det på "likstrå". Etterpå song ein eller to salmar.
- 20. Det <sup>var</sup> grannane ~~de~~ som vart varsla. Når liket var framlagt, vart ein samde om kven av grannane skulde arbeida kista. Det gjekk på omgang, 2 mann kvar gong. *de grannane*
- 21. Nei.
- 22. Nei, en gjorde ikkje noko slikt.
- 23. So snart grannane var samla, tok ein til å stella liket, og når det var gjort, la ein liket på "likstrå", halm på ein benk e.l., i regelen inne stova.
- 24. På halm, i regelen inne i stova, likhuset. Sjå 23.
- 25. På halm.

Emne nr.64.

"Död og begravelse"

26. Halmen som liket ligg på etter det er "lagt fram"  
Halmen skulde vera ubrukt,ny halm.
27. Det var ikkje so visst med det,utan so det var dødsfall etter smittesykje.
28. Nei.
29. Likstrået vart brent etter at liket var lagt i kista.
30. Straks etter grannane var samla.
31. Ein kvan av grannane.
32. Ja,ein hadde på liket liksjorte,fotsid,og so la dei ein duk over andlitet,sveitteduk.Ofte ogso sokkar.
33. Ja.
34. Ja,i regelen det.
35. *Nei.*
36. ja.
37. *Nei.*
- Likklæde.
38. (Sveip).Å sveipa,sveipte,sveipt liket.
39. Sveip.
40. Ja,Liklaken,oftast eit under og eit over liket,seinare ofte so stort laken at det rakk til yverbreidsle og
41. *Nei.*För i tida hadde ein ikkje "brudelaken",berre ullkvitlar. *x2 byllaup*
42. Ikkje her,berre liksjorte,sveitteduk og stundom sakkar.
43. Nei,dei fleste hadde sveip liggjande.
44. Ja för,i seinare tid oftast av bomull,til i siste tida oftast brukar kjøpt ferdiglaga papirsveip. *ein*
45. Ja,når liket ikkje hadde sokkar på.
46. Av og til sokkar,men aldri sko.
47. Nei,berre sveitteduk.
48. Nei.
49. Nei.
50. Nei.

- 4
51. For 20 - 40 år sidan, kanskje av sume tidlegare.
  52. No vert det kjøpt likklæde, oftast av papir.
  53. Dei vert oftast kalla sveip - som før -, men stundom likklæde.
  54. Nei.
  55. Nei.
  56. Nei.
  57. Det har ikkje vore brøkt mynt over auga.
  58. Ikkje ferdig kiste, men ein hadde i regelen liggjande emne til kista. Det skulde breide, tjukke bord, so breide at dei var store nok til lebræ (sidestykke) og lok, og helst av "adelgo" fure.
  59. I eldre tid brukte ein trenaglar, sinare spikar, no mest skruar.
  60. Nei, ikkje i eldre tid.
  61. Grannane, to mann i gongen etter tur.
  62. Før alltid umåla kiste. Men det vart skore eit kors på loket.
  63. For kring 20 år sidan. Mange brukar umåla kiste enda, men pynta med grønt og blomar.
  64. Nei.
  65. Høvlespöner, spöner av kistematerialen. Arbeidsmennene la spöner i kista når ho var ferdiglaga.
  66. Vart fyllt med hövlespöner, frå kistematerialen.
  67. I regelen vert kista kjøpt ferdig no, og kvitmåla.
  68. Ein veit ikkje om at den som var död fekk noko med seg ~~ik~~ i kista.
  69. Nei.
  70. Det vart skore eit kors på loket, og jordferdsdagen ~~ya~~ om morgonen vart det lagt eit vakkert fleirfarga åklæde på kista, og det vart sett eit eller to taalgljos på. Dei stod til kista skulde berast ut. Åklædet vart liggjande på til gravstaden. Det vart teke før ein fira kista ned i grava.
  71. Nei.
  72. Nei.
  73. Nei.
  74. Det var grannane som møtte fram når liket vart lagt i kista. Når loket vart lagt på, song dei ein eller to salmar. Ein sa berre, han eller ho "vart lagd i kista."

"DÖD OG BEGRAVELSE".

75. Svar og tillegg til sml. under 74.  
Det var i regelen gravferdslag ("begravelse") når eit lik skulde jordast. Då vart slekt og vener bedde til laget. Dei kom kvelden før jordferdsdagen. Kista var då sett ut i eit anna rom. "Begravelsen" (jordferdslaget) var til vanlag på to døger. Mat og drykk var vanleg gjesrebodskost. Grannane ("gravferda", jordferdslaget) var med i gjestebodet ("begravelsen"), i regelen to frå kvart hus, helst mann og kone.

76. Var det "begravelse" "med det same", stod kista i eit anna rom til jordferdsdagen. Om morgonen den dagen vart ho boå inn i stova.

Det hende at ein måtte setja ut gjestebodet til seinare. Då vart kista ståande i likstova til jordferda.

77. Ein veit ø ikkje om at det vart gjort noko sers med det romet.

78. Ikkje pynting.

79. Det vart ikkje laga "barsal" eller "barhytte" her.

80. Fell bort.

81. Før jordferdsdagen vart det strödd hakka einer på golvet i likstova, igangen og på tunet, eller det vart gjort om morgonen sjöve likferdsdagen. Ikkje barströing elles.

82. Ja.

83. Loket vart lagt på.

84. Ein firkanta linduk, sinare bomullsduk.

85. Sveitteduk.

86. Nei, ikkje vanleg. Det hende at nære skyløfolk vilde sjå liket.

87. Nei.

88. Fell bort.

SORG.

89. Ja, ein skulde det.

90. Nei, ikkje det ein veit om.

91. Nei.

92. Når ein hadde sorg for ein stilt fram, so det viste at ein syrgde.

93. Ein hadde i regelen mørke klæde. Kvinnene hadde svart plagg (hovudplagg).

94. Ho var i regelen svartklædd.

44881

95. Nei.

96. Nei.

97. Nei.

SYNGE UT LIKET.

98. Nei.

99. "Begåvelse". Då er det meint sjölve gravferds-gjestebodet. Elles vert det nemnt "gravfer" eller "jordferd". Elles seier ein om sjölve jordinga at han eller ho er eller vart jor(d)a.

100. Ja, det vart sunge ut. Og etter kista var koma på kjerra eller sleden ute på tunet, vart det sunge ein salme der. Og so var det vanleg at ein mann sat på kista og song salmar under köyringa.

101. Nei.

102. Ja, det låg alltid eit vakkert åklæde på. Det var vanleg sengåklæde-form, lagt på langs, like langt ned på kvar side. Det måtte vera eit fleirfarga åklæde. I den seinare tid brukte ein sokalla "hardangeråklæde" kjøpte i Bergen av slike som for dit med byføring, famneved, med jekter.

103. Det vart sett eit <sup>eller</sup> ~~ett~~ to talgaljos på kista inne i stova jordferdsdagen.

104. Eit eller to utan omsyn til gifte eller ugifte.

105. ~~Dei/vart/brukte/som/ljos/elles~~. Tok dei av kista.

106. Dei vart ikkje borne fyre kista.

107. ~~Fell/bort~~, ~~Dei/vart/brukte/som/ljos/elles~~. Fell bort.

108. Dei var brukte som ljøs elles.

109. Nei, ein veit ikkje om det etter den tid det var likvaka. Då laut ein sjölvsagt ha ljøs om vinteren.

110. Folk som for lege sidan er borte, har fortalt at i deira tid vakte ungdomen med liket, ikkje berre ei natt, men so lenge liket låg på likstrå. Og då leika dei i likstova. Denne leiken vart kalla hindaleiken. Det kunde vera ringleik eller (og) dans.

111. Truleg for kring 150 år sidan, men det kan ikkje seiast so visst. Når dei slutta med "likvaka", var det ogso slutt med hindaleiken.

112. Nei.

113. Nei, utan det kanskje vart sunge noko meir hötideleg enn vanleg.

114. Ja.

115. For kring 50 år sidan.

116. Då song dei eit par salmar för liket vart bore ut og ein under utberiga. den beste sonaren i gravfersg

song fyre, og alle dei andre song med. Det kunde henda at dei hadde klokkaren eller læraren med til songar, men det var ikkje vanleg.

117. Ja, det var vanleg.

118. Det var heimebryggja öl. Ein sat rundt bordet og i likstova elles, *og drakk alle av same kallen.*

119. Det var nokon av grannane, ikkje påsagt kvendet skulde vera.

120. Ja, helst det.

121. Det er helst so endå. men det kan vera at nokon av dei næraste ber liket ut. Er ein lærar död, er det nokon av lærarlaget som ber liket ut.

122. Med fotenden fyre.

123. Nei.

124. På Nordfjords Folkemuseum er ei gamal stove med merke etter likdör - i framramen. Det er tydeleg at det har vore ~~å~~ dör, no attifelt med same slag plankar, var so då museet kjøpte stova for vel 40 år sidan. Stova er frå før reifomasjonen og er frå Otneim på indre Stad-landet. *nu*  
Folk her veit ikkje å seia *vs*lik likopning eller *1*/ likdör.

125. Ja, med einebar.

126. Nei.

127. Nei.

128. Ja. Var det gravferdslag med det same, gjekk dei inn-att i huset, og ikkje heim.

129. I regelen ein mann frå kvart hus av dei som höyrde gravferda (gravferdslaget) til.

130. Det er fyrst i den sinare tidkk. Kan ikjeseia noko viss tid eller årstal.

131. Ja.

132. Nei.

133. Nei.

134. Ja, det er so no, har vore so pålag ein mannsalder.

135. Alle i gravferdslaget som har flagg.

136. Ja, når jordferda var, er, over.

137. Når dei kom heimatt.

138. Nei.

139. Nei.

140. Var folk ute når eit likfylgje for forbi, stod dei i regelen stille og andaktsfulle. Elles vart det ingen ting gjort.
141. Ein brukte ikkje båt her, hadde landevegen.
142. Nei, sløt<sup>i</sup> gjorde dei aldri. det vorte i tilfelle rekna for mykje ufolkeleg.
143. Nei, ein körde alltid liket her i bygda. No brukar No brukar ein ofte bil.
144. Ein veit ikkje om at ein ikkje kunde det.
145. Ein hadde ikkje noko underlag.
146. Nei.
147. Nei.
148. Öyken skulde gå som vanleg.
149. Ja, men ikkje kappköyring. Elles brukte ein i regelen berre ein öyk. Folket gjekk.
150. I regelen den som åtte öyken.
151. Ja.
152. Ja.
153. Det er ikkje slike stader i Gloppen.
154. Nei, ein har ikkje höyrt om noko slikt.
155. Ein veit <sup>ikkje</sup>fråsegn om slik tru.

PÅ KYRKJEGARDEN.

156. Det var ikkje nokon viss regel. Nokre mann av gravferda tok kista og bar henne inn på kyrkjegarden og sette ned på marka attmed gravplassen.
157. I våpenhuset i kyrkja stod ei bære, men den vart sjeldan brukt. Kåsteloket gjekk noko utom lebræa på kista, so ein fekk handtak der. Ikkje anna.
158. Båra höyrde kyrkja til. Ikkje andre reidskap.
159. Gavferda, gravarane, hadde sine egne reidskap, spade og grev og tog til å fira kista ned i grava med.
159. Svar under spm. 156.
160. Nei.
161. Nei.
162. Nei.
163. Ikkje för. Men no, ved serskilde höve. Då er det taler og "kranspåleggjing i kyrkja.
164. Nei.



165. Nei.

166. Ja, og då gjekk gravferda inn i kyrkja og song ein salme.

GRAVA.

167. For ca. 60 år sidan.

168. Han vert berre kalla "gravaren", og ein legg ikkje anna tyding i det enn at det er han som peikar ut gravstaden og fører bok over gravene og dei gravlagde. Han hadde ikkje noko med å kasta opp grava.

169/169/

169. Likfylgjet, gravferda, hadde med seg reidskap og kasta opp grava, og kasta att grava når kista var nedsett.

170 Ja, grannane, gravferda.

171. Nei.

172. Den meining som ritualet seier.

173. Det hende at ein sette merke på for skilja grava ut frå andre gravar.

174. Det vart sett eit trekors (måla svart) eller lagt ei helle på (helst rau(d)steinshelle) med namn og årstal på, dag og år for fødsel og død,

175. Nei, ein går og ser til og pyntar grava når det høver for ein.

SERLEGE TILFELLE.

176. Ja.

177. Det vert fortalt at slike vart gravlagde utanfor kyrkjegårdsmuren, ikkje i vigd jord. Men om det hender no at nokon tek livet av seg, vert dei gravlagde som dei andre.

178. Nei.

179. Svar under spm. 177.

180 og 181. Etter det ein veit vart dei jorda på kyrkjegarden av dei som åtte barnet, utan seremoni.

GRAVÖL.

182. "Begravelse".

183. Det var ikkje nokon regel for. Hovudsaka var at vedkomande vart bedd.

184. Laget varde i regelen. Ein vart bedd på "to nater". Ikkje rømmegrout, som i bryllaup, men elles som vanleg i større lag (gjestebod).

185. Nei.

186. Ingen viss regel.

187. Nei, ein veit ikkje om slik ordlyd.

188. Ja, det var elles vanleg når slektfolk kom i huset.
189. Ikkje för i tida, men seinre om ein ikkje kude nå fram med munnleg bod.
190. To næter, Ein bad på næter, Dei kom om kvelden fyre jordferdsdagen og var til dei hadde ete nonsmaten
191. andre dagen, ialt 8 måltid.
192. Det var ikkje nokon regel for det.
193. Nei.
194. Nei.
195. Nei.
196. Dei hadde dei ("korg") med seg.
197. Fell bort.
198. Fell bort.
199. Nei.
200. Ein kjenner ikkje til "heile og halve sendinger", men var det mange, gjerne ein heil huslyd, som var bedde til laget, hadde ein stor "sending" (korg). Var dei få, kanskje berre ein, mykje mindre med seg.
201. Det har ikkje vore nokon brå overgang. Sume har halde på dei gamle skikkane med to næters lag til den seinare tid. Overgangen tok til for vel 30 år sidan. No er det vanleg ein dag, eller helst soleis at ein möter fram i syrgjehuset og fylgjer med på grava og er so med heim til middag.
202. Dei som har slutta med heimebrygg-og det er dei fleste, brukar ikkje alkoholdrykk i slike lag.
203. Nei, slett ikkje.
204. Delvis. Krans sender den eller dei som vil heidra den döde og minnet hans, ogso folk utanfor slekta, vener og kjenningar.
205. Det er ikkje so godt å tidfesta, men det har vore i bruk bort imot ein mannsalder no.
206. Sume laga kransen heime, om dei hadde blomar og grönt til det. Dei fleste kjøper krans i eit gartneri eller ei forretning som sel kransar, ofte av kunstige blomar. Barø og lyngkransar vart kanskje brukt i fyrstinga, ikkje no.
207. Ja, av mange.
208. Kransane vert lagde på kista og vert med til gravstaden. Sume av dei fylgjer då med kista i grava. Dei andre vert lagde på grava.
209. Dei vert i regelen liggjande på grava til dei er forbi.
210. Som i vanlege gjestebod. Ikkje alkohol.
211. Sume gjer det.
212. For 30 - 40 år sida.